

# Mjonøy

Skal du over Haukelifjell frå aust til vest eller omvendt, så fer du forbi eit skilt som seier at her er det bakeri. Kanskje du er svolten, så det kan passe med ein stopp.

TEKST: **NORSK KULTURARV**  
FOTO: **PRIVAT**

Ellen Nordstoga ynskjer velkomen til Mjonøy



gav gjesten ei kjensle av gamle dagar. Tretten utleiehytter sette han opp. Han var framsynt og hermd e ikkje etter slik andre sette opp campinghytter på den tida.

**- ME VIL GJEVA** gjestene våre ei totaloppleving av lokal kultur i bygningar, mat, musikk og soge, seier Ellen Nordstoga, dagleg leiar av Mjonøy. Gjester tek ho imot i Alvsstoga (fjos frå 1600-1700 talet sett opp av noverande drivarar). Stoga har namn etter Alv Negarden, som skapte Mjonøy, og som familien til Ellen Nordstoga har ført vidare. Ellen fortel og syng om kjende og mindre kjende lokale personar, men kanskje mest om Aasmund Olavson Vinje, som voks opp berre to kilometer frå Mjonøy. Ellen har spesiell interesse av å taka han med i saga då Vinjestoga står på tunet der ho bur. Og ofte er det ynskje om å få sjå stoga til Aasmund i samband med ei vitjing på Mjonøy. Med bakgrunn i mange års arbeid med folkemusikken i Telemark, er det naturleg for vertinna å halde fram med kurs i kveding, no på Mjonøy. Og dersom du er på overnattingstur med gruppe, kan du risikere å få med deg eit minikurs i springar og gangar!

**OG KVIFOR IKKJE** ei språkreise til Noreg? Gymnasiastar kan koma og få med seg nynorsk dialekt nytta av folk som brukar det rett og slett fordi det er det einaste naturlege språket deira. Garden Vesås ligg berre fem kilometer unna, og der tek Eli og Olav Å.Vesaas i mot. Her møter elevane stoga der Tarjei sat og skreiv dei fyrste bøkene sine. Eli syner fram vevstoga si på låven og i veslestoga hev Olav sylv-verkstaden sin. I eldhuset røykjer dei den kjende Vesaaskurven. Dette er pylse laga av male sauekjøt, krydra, salt og røykt – ein lokal variant av Vossakorven. Om kveldane kan dei oppleva Olav T. Vesaas fortelje om foreldra sine: Tarjei og Halldis. Arne Vinje fortel om fornsoger knytte til nærområdet og Ellen og Olav Nordstoga hev program om A. O. Vinje.

**TRADISJONEN** med å vandre til stavkyrkja i Røldal midtsumars har kome i gang att med Mjonøy som aktiv medspelar. Kvart år kjem pilegrimane vandrande og søkjer ly i herberget på Mjonøy. I samband med det vert det arrangert pilegrimskonsert i kyrkja og lokale vappusar møter fram for å fylgje pilegrimane vidare på vegen.

**VED FYRSTE MØTE** ser det ut som du har havna på eit museum eller bygdetun. Berre gamle små tømmer godt spreidde rundt omkring og langs Klevastøylåi som brusar forbi. Lukta frå bakeriet dreg deg mot eit lite hus som ber namnet Kringlegarden. Her må du brette deg omtrent dobbel for å koma inn, men synet som møter deg, er verdt strevet. Stappfulle hyller med runde, avlange, ljósare og myrkare bakst som freistar deg til å fylle posane og veskene du finn på bordet. Sumt er søtt og sumt er grovt og sumt er kvitt og sumt er grått. Sjølvbetjening. ”Betal i eldhuset” står det på eit lite skilt. Du er komen til Olavsrosestaden Mjonøy.

**I ELDHUSET** har dei litt av kvart anna som kan fylle ein slunken mage: Neslesuppe, rjomegraut, nykoka berre på seterrjome, nysila mjølk og mjøl, mjonøyburger laga av kalv frå garden og med ferskt rundstykke frå

bakeriet, store brødsriver der du sjølv vel pålegget, til dømes ekte geitost frå Nupshaddine på Haukelifjell, nyfiska aure frå Vinjevatn surra i kviteseidsmør... Jau, her kan vi visst bli verande ei stund.

**DET ER MANGE** som vert overraska når dei får vite at dei kan dei leige seg ei hytte for natta, og at dei kan velja om ho skal vera 400 år gamal eller kanskje noko yngre. Om dei ynskjer topp komfort eller heilt enkelt berre med ei skive (bord festa til veggen), to køyer og ein benk. Susen frå Klevastøylåi byssar dei i svevn...

**ALV NEGARDEN** heitte mannen som bygde opp dette spesielle hyttetunet alt på 1959-60-talet. Han kaupte gamle hus rundt omkring i bygda: Loft, bur, fjøs, smier og sel frå støylar sette han opp med god avstand til grannen og med eit og anna gamalt møbel inni som



” ... gjestene på Mjonøy skal få ei totaloppleveling av lokal kultur i bygningar, mat, musikk og soge...

**- NÅR EIN ER SÅ HELDIG** å eige gamle hus, er det moro å kunne hava kurs i ymse tema, slik som til dømes takktekking på gamlemåten, seier Ellen Nordstoga. Dette har vore tema for kurs med Jon Godal og Torjus Uppstad. Slik har Fjoset med berre to stokkar i veggan fått nytt tak med berre never og torv. Torva vart spadd med hand nokså høgt til fjells. Det var finn med veldig tett og god torve. Taket vart eit mønstertak som det er moro å syne fram – tett og vakkert.

**MJONØY** er eit aksjeselskap der Ellen Nordstoga og Darius Jasmantavicius eig halvparten kvar. Darius er ein dyktig handverkar, byggjer alt av nytt eller reparerer gamalt. Samstundes syter han for alt av skilting og innreiing av hyttene. På kjøkenet er han ein dyktig kokk. Kort sagt utfører han det meste av den praktiske delen av drifta medan Ellen tek seg av kontorarbeidet, og er også med på det meste på kjøkenet. Dei reknar ikkje timar og delar løn og utbytte likt.

**ELLEN FORTEL** at Mjonøy er med i Innovasjon Norges prosjekt ”Vandring i Norge”. På den måten blir dei synlege ute i Europa og fær eit puff til å ordne med turstigar. Mjonøy er fyrst og fremst ein sumarplass, ikkje minst på grunn av elva som rett forbi.

Den gjev gjestene høve til finne seg ein badekulp, eller dei kan kaste ut fiskefluga. Og ungane kan hoppe frå stein til stein... Mjonøy er elles stolte av å hava den brune hanen på skiltet ved vegen saman med dei andre skilta. Olavsrosa kjem opp på det andre store skiltet dei har inne på området. Kvalitetsmerket Olavsrosa var det fyrste Ellen søkte om då ho starta på Mjonøy, og gjev uttrykk for stor glede då dei fekk den. Det forpliktar å hava den hangande, og den gjev gestene ein peikepinn på kvar dei har kome.

- Det er også fint å vita at me er i same familie som alle dei andre som har fått denne utmerkinga, seier Ellen.

**AV EIVIND LUTEN** på Pilegrimskontoret har Mjonøy fått den fine vesle plaketten ”Pilegrimsherberge”. Pilegrimane er gjæve gjester på Mjonøy, så den natta er det ingen andre som får sova her! Ellen fortel: - Då kjenner du at vandrane verkeleg set pris på hyttene og maten du serverar! Svoltne og slitne set dei seg til bords og sukkar over den gode maten. Jamvel vinen er det sume som har gledd seg til under vandringa om dagen. Ofte er det dei same andleta ein møter frå år til år.

**MJONØY LIGG** i eit vakkert og levande kulturlandskap. Rett ovanfor

Mjonøy ligg grenda Smørklepp, med elleve gardar i ei fin helling rett mot sud. Av desse er det no fire som er i full drift; to med sau og to med geit. Då uåra fyrst på 1800-talet herja og kornet fraus i august, greidde det seg i Smørklepp, fortel bygdesoga. Her var det den kjende målarer Henrik Sørensen heldt til i førti somrar. Han tok inn på Negarden hjå foreldra til Alv som bygde opp Mjonøy. Mange av dei kjende motiva til Sørensen er nett måla her. Han drog også med seg andre kunstnarar, slike som t.d. Harald Kihle. Desse målarane vanka ut og inn i gardane på Smørklepp og bileta deira heng i kvar stoge.

**BUSETNADEN** i Smørklepp kan ein fylgje langt attende, gjennom segner frå tida da svartedauen herja midt på 1300-talet. Mykje av jorda vart nok rudd lenge før det. Frå Smørklepp går det ein dal innover mot Berbu, støylsområdet til Smørklepp. Denne dalen vert og kalla støylsdalen. Det namnet høver godt, då ein går frå støyl til støyl heile vegen inn til Berbu, der landskapet opnar seg og støylane ligg spreidde rundt det vesle Fitjevattnet. Suset frå Klevastøylåli fylgjer oss heile vegen, frå den brusande fossen ved utløpet og heim att til Mjonøy – gjennom eit landskap med rik flora og mange svært sjeldne planter.